
Vår referanse 2020/35421-1
Dato 21.01.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG


Alternative løysingar for fellesveg i vedteke reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Alver kommune

Statens vegvesen har vore tiltakshavar i detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, saksnr. 20/53 i Alver kommune (tidl. saksnr. 16/355 i Meland kommune, PlandID 1256 2016 0002).

Kurt Solberg, eigar av gnr./bnr. 1/250 og 275 i tidl. Meland kommune, har sendt inn klage på vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplanen. Bakgrunnen for klagen er at ny fellesveg til gnr./bnr. 1/68, 169, 297 og 298 vil komme i konflikt med areal kor det i dag parkerast bilar i samband med næringsaktivitet. I tillegg er det her også laste-/losseområde for utstyr brukt i aktiviteten på egedomen.

Av omsyn til at sakshandsaming knytt til fylkesveg no er overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunalt nivå so har Alver kommune bedt om at Vestland fylkeskommune skisserer alternative vegløysingar som hindrar den nemnde konflikten. Administrasjonen i kommunen ynskjer at fylkeskommunen argumenterer for kva som talar for og i mot dei ulike alternativa, slik at dette kan leggjast fram ei tilråding for kommunepolitikarane når dei skal vurdere saka.

I utsnitt frå plankartet nedanfor er det aktuelle området til dagens parkering markert med raud sirkel og laste-/losse område markert med blå sirkel (begge omtrentleg).



Bilete 1 viser kor bilane parkerer i dag. Den røde firkanten viser omtrentleg plassering for lastebil i samband med lasting/lossing. **Bilete 2** viser når lastebilen er inne og laster/lossar.

Bilete 1




Bilete 2



I samband med klagen har SWECO - som er konsulent i planarbeidet - skissert tre alternativ for korleis tilkomstvegen og parkeringsplassen kan etablerast, slik at det ikkje blir konflikt mellom tilkomst, parkering og lasting/lossing.


Alternativ 1

I alt. 1 vil tilkomstvegen gå gjennom kollen på gnr./bnr. 1/174- der kor det er regulert til «o_SVG7» i plankartet. I eit slikt alternativ vil parkeringsplassen og laste-/losseområdet bli liggjande som i dag.




Alternativ 2

I alt. 2 vil tilkomstvegen gå slik den er regulert, men parkeringsplassen flyttast inn i knausen bak verkstadbygningen til Kurt Solberg.



Alternativ 3

Alt. 3 er ein kombinasjon av alt. 1 og 2. Her flyttast vegen eit stykke inn i kollen for å sikra at køyretøy har gode marginar når dei skal passere lastebil som lastar eller lossar. Dette vil gje eit stort inngrep i kollen, men antakeleg vil noko av den kunne stå igjen som buffer.



Vestland fylkeskommune si vurdering av dei 3 alternativa

Vestland fylkeskommune meiner ein bør prøve å finne eit alternativ som både tek omsyn til parkering, lasting/lossing og konfliktfri tilkomstveg- i området kor det blir utført næringsverksemd på eigedommen til Kurt Solberg. Samstundes er vi opptatt av at kostnadene ved endringane ikkje blir uforholdsmessig høge og at terrenginngrepet blir minst mogleg.

Med bakgrunn i sistnemnde vil vi ikkje tilrå alt. 1. Her må heile kollen planerast ned, noko som gjer eit stort terrenginngrep og ei fjerning av buffaren mellom det maritime miljøet og anna trafikkeareal. I tillegg vil det bli store kostnader med å køyre bort all massen frå kollen, samt å etablere langsgåande mur mellom gang- sykkelvegen og tilkomstvegen.

Alt. 2 er mest lik det som allereie er regulert i planen. Her blir det langt mindre sprenging og masseflytting enn i alt. 1, sjølv om man må gå litt inn i knausen bak verkstadbygningen til Kurt Solberg. Det må etablerast ein mur i bakkant av parkeringa, men den blir vesentleg kortare/mindre enn i alt. 1. Også buffaren mellom det maritime miljøet og anna vegnett blir betre ivaretatt.

Alt. 3 tar utgangspunkt i alt. 2, men vegen vert flytta eit stykke inn i kollen. Det vil då bli ein del kostnader med sikre kollen, viss den ikkje skal planerast heilt ned. Antakeleg vil kollen kunne bli ståande og det vil då sikrast ein buffer mellom det maritime miljøet og anna vegnett.

Konklusjonen blir at Vestland fylkeskommune tilrår ei løysing som liknar på alt 3, men at ein då må forsøke å oppnå at køyretøy kan passere lastebil som lastar/lossar samstundes som det vert tatt minst mogleg av kollen.

Vidare prosess

Vestland fylkeskommune ber Alver kommune vurdere om klagen skal tas til følge og korleis dette i so fall skal følges opp i planen. Eventuelle endringar i løysning bør deretter diskutert med Kurt Solberg og fylkeskommunen.

Med helsing

Ståle Furnes
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste
Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAU
G